

---

**Fra:** Grete Algrøy Herøy  
**Sendt:** fredag 28. juni 2019 14:41  
**Til:** 'jens.rosendahl.halvorsen@bergen.kommune.no'  
**Emne:** Vertskommunesamarbeid om krisesenter for Bergen og omegn

Hei

Viser til tilsendt avtale i dag, der det er bedt om eit kommunestyre behandla svar innan 30.august 2019. Det let seg ikkje gjere, då siste kommunestyremøte før ferien er gjennomført sist veke, og det neste kommunetyre etter møteplan er 3.oktober. Før det er det ikkje mogleg å gje svar.

Radøy kommune vil frå 01.01.2020 vere avslutta og inngår då i Alver kommune. Under overskrifta: *Kommuner berørt av kommunesammenslåing*, virkar det uklart kva som ligg i siste setning. Radøy kommune trer ut av sin avtale pr. 31.12.2019 og blir overført til Alver. Det meinast vel ikkje at Radøy må gjere utmeldingsvedtak og står som eige objekt ut 2020?

Når eg så går til avtalen og oppsummering av dei vesentlegaste punkta, så ser eg at dette med betalingsplikt etter 6 veker er omtalt, utan at det kjem fram kva sum det er snakk om pr. døgn, ev makspris .

Lengre nede i same brev står det døgnpris for opphold utover 6 dager, så då blir eg forvirra om det er 6 dagar eller 6 veker det er snakk om. ( Meinar det i informasjonsmøtet vart sagt 6 veker) For å leggja fram ei så godt opplyst sak som råd til politisk behandling, er økonomi eit vesentleg moment, det bør derfor koma ein tilleggsinformasjon om kva døgnpris ein tenkjer å leggja til grunn ved opphold utover maks grense.

Ber om tilbakemelding.

*Med venleg helsing*

*Grete A. Herøy  
Kommunalsjef Helse og Omsorg  
Radøy kommune  
Tlf 56349015/95748843*

